

## **Interpellasjon frå Raudt og SV om prøveordning med leksefri skule.**

Oversendingsforslag.

Rådmannen tar kontakt med Samnanger kommune og andre kommunar som har leksefri grunnskule for å hauste erfaringar frå denne ordninga. Dette som eit utgangspunkt for å vurdere om Kvam herad skal innføre liknande ordningar ved grunnskulen i Kvam frå hausten 2021.

Ordninga har vore prøvd med ulikt omfang ved ulike skular i landet, og tilbakemeldingane viser at elevane ved desse skulane ikkje gjer det dårlegare fagleg enn andre stader.

Viss dette er tilfelle bør også Kvam prøve ei slik ordning, for ulempene med skulearbeid etter at skuledagen er over kan vere mange:

1. Etter ein lang skuledag er det mange born som slit med motivasjonen for å gjere lekser. Med manglande motivasjon verkar lekser mot si hensikt.
2. Lekser stel av den dyrebare tida som heller kunne vore brukt til leik, rekreasjon og sosialt samvær utan press.
3. Lekser kan vere med på å forsterke sosiale forskjellar på den måten at barn frå ressurssterke familiar, med foreldre som har tid, overskot og føresetnadar til å hjelpe, kjem betre ut av grunnskulen.
- 4.

Håvard Gjerde (Raudt) og Geir Madsen (SV)